



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Voss

Påska 2021



*Gamalt glasmåleri frå
Vangskyrkja. No på Voss
Folkemuseum*

Dagane og tekstane

Fortellinga om påskedramaet

Salmane

Orda og tonane som
løfter fram budskapet

Til ettertanke

Refleksjonar til påskedagane

Om påskefeiring

Ting du kanskje ikkje visste om påska?

Om dette heftet

Påska er ei feiring av Guds- og livets siger over døden. Det er ei forteljing om håp og om oppstode. Lyset som braut ut or grava påskedag skin framleis på oss i dag: Midt i mørket, uro og tunge tider har vi eit håp om at lyset igjen skal bryte gjennom. Livet har sigra over dødens krefter, og kjem til å gjere det att.

Også dette året blir det ei annleis påske. Men slik vart det for Jesus og læresveinane også. Jesu siste påske med læresveinane var prega av fellesskap, einsemd, uro, død og til sist oppstode.

Påska er for mange ei tid for fellesskap, men for nokon er det og ei einsam tid. Også denne påska har me blitt bede om å halde oss for oss sjølv. Mange blir då kanskje ekstra einsame. Men så er også påska forteljinga om at vi ikkje er åleine, verken i glede, tvil, angst eller uro. Gud har kjend dei same kjenslene vi har på kroppen på sin kropp. Men i alt vi kjenner og gjer, er vi ikkje åleine – Gud er med.

Det blir ikkje gudstenester denne påska heller, slik er me med på same dugnad som resten av landet. Men det kan også bli auka smittetrykk hjå oss, og det er også ei Guds teneste me har for kvarandre å ta vare på kvarandre i vanskelege tider. Det blir sendt gudstenester på NRK, etter det vi veit, og mange stader på nettet heile påska. Det kjem gudstenester på Avisa Hordaland sine sider, og på voss.kyrkja.no.

Følg gjerne heftet dag for dag, ta den tida som trengs, eller den tida de har. Les, høyr, reflekter og syng gjennom påskedagane. Salmane kan ein og finne på nettet om ein vil høyre på dei. Til dømes på nrk.no. Og til kvar dag er det utfordringar for tanken, og refleksjonar for trua. Til slutt kjem det noko du kanskje ikkje visste om påskefeiring?

Palmesundag

Palmesundagen innleier påskehøgtida.

Palmesundag er dagen då Jesus kjem ridande inn i Jerusalem, også kalla Jesu inntog i Jerusalem. Dagen er prega av jubel og glede, men vi møter og ein Jesus prega av at inntoget markerar byrjinga på den tunge vegen fram mot krossen. Dette året kjem krossen oss nær alt palmesundag. Det var ikkje vanleg å salve folk, om dei ikkje vart salva til teneste for Gud.

Jesus vart denne dagen salva til teneste for Gud, men og salva til si gravferd. Då Jesu død for vår skuld, var den tenesta han hadde å bere for oss og for Gud.

Dagen har fått namnet grunna måten folket møtte Jesus på, jublande med palmegreiner.

Teksten frå evangeliet etter Matteus 26,6-13:



Maria salvar Jesu føter, Joh 12

Medan Jesus var i Betania, heime hos Simon den spedalske, kom det ei kvinne bort til han med ei alabastkrukke med dyr salve. Den helte ho ut over hovudet hans medan han låg til bords.

Då læresveinane såg det, vart dei arge og sa: «Kva skal slik sløsing tena til? Denne salven kunne vore seld for mange pengar som kunne gjevast til dei fattige.»

Men Jesus merka det og sa til dei: «Kvifor plagar de henne? Ho har gjort ei god gjerning mot meg. Dei fattige har de alltid hos dykk, men meg har de ikkje alltid. Då ho slo denne salven ut over kroppen min, salva ho meg til gravferda mi. Sanneleg, eg seier dykk: Overalt i verda der dette evangeliet blir forkynt, skal det ho gjorde, bli fortalt til minne om henne.»

Spørsmål til ettertanke:

- Korleis trur du det var for Jesus å vite at han skulle døy?
- Kvinna si teneste var å salve Jesus til teneste for Gud. Korleis kan vi tene Gud og kvarandre?
- Korleis ville du reagert om du var ein av Jesu læresveinar?

Salme 114, frå Norsk salmebok 2013:

T Smemo/M Gangflot

1 Høyr, krukka brast, og oljen ser du renne,
han fyller verda med sin himmeldåm.

På angebylgjene lat sjela vende
frå låge jord til himmerik si låm!

2 Lat krukka breste, lat din nardus fløyme!

Ver raus, mi sjel, og bu deg no til fest!

Lat inkje sparast, lat din kjærleik strøyme
med alt du eig, imot din høge gjest.

Salme 148, frå Norsk salmebok 2013:

T Hallqvist/M Hovland

Jesus rid no inn i Jerusalem.

Hosianna!

Vi går han i møte med song og spel.

Hosianna!

Palmegreiner legg vi for kongens fot.

Jesus, ver velkomen til oss i dag!

Hosianna, du vår Frelsar!

Skjærtorsdag:

Denne dagen samlar Jesus læresveinane sine til fellesskap og måltid. Namnet kjem av det gamalnorske ordet *å skira*, som betyr 'å reinse'. I Johannesevangeliet er dette meir framtrédande der me møter Jesus, som den tenande som vaskar disiplane sine føter.

Ved måltidet denne kvelden innstiftar Jesus nattverdsmåltidet, slik me kjenner det i vår feiring av nattverda i gudstenesta. Samtidig fortel Jesus sine næraste at ein av dei snart skal svike han, og at han skal forlate dei.

Teksten frå evangeliet etter Lukas 22,14-23:



Då tida kom, gjekk Jesus til bords og apostlane med han.

Og han sa til dei:

«Eg har lengta inderleg etter å eta dette påskemåltidet i lag med dykk før eg skal lida. For eg seier dykk: Aldri meir skal eg eta påskemåltidet før det har vorte fullenda i

Guds rike.» Så tok han eit beger, bad takkebøna og sa:

«Ta dette og del det mellom dykk. For eg seier dykk: Heretter skal eg aldri drikka av frukta frå vintreet før Guds rike er kome.» Så tok han eit brød, takka og braut det, gav dei og sa:

«Dette er min kropp, som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg.» Like eins tok han begeret etter måltidet og sa:

«Dette begeret er den nye pakt i mitt blod, som blir utrent for dykk. Men sjå, han som svik meg, har handa her på bordet saman med meg. Menneskesonen går bort, som det er fastsett. Men ve det mennesket som svik han!»

Då tok dei til å tretta med kvarandre om kven av dei det kunne vera som skulle gjera dette.



Spørsmål til ettertanke:

- Kva gjer det med nattverda me feirer i gudstenesta at me har den frå Jesu eigne ord?
- Visste du at me trur i vår kyrkje at Jesus er fullt og heilt til stades mellom oss når me feirer nattverd i gudstenesta?
- Kva betyr nattverd for deg?

Salme 161, frå Norsk salmebok 2013:

T Blix/M frå Nürnberg

1 Den største høgtid her på jord
er den eg held ved Herrens bord,
der Jesus bed meg vera gjest,
for der eg er hans hjarta nest.

2 Når eg med Jesus nattverd held,
eg minnast må den store kveld
då han med sine vener sat
og vigde inn den himmelmat.

3 Den kveld han brødet til dei
braut,
dei Herrens eigen lekam naut.
Då vinen han i kalken slo,
gav han dei sjølv sitt dyre blod.

4 Det var den kveld han siste gong
den store lovsong med dei song -
den siste gong til over sky
han halda skal sin nattverd ny.

5 Den kveld hans kjærleik mot oss
brann
så varmt som ingen elska kan,
og oss til minnegåve god
han gav sin lekam og sitt blod.

6 Så kom då, Kristi kyrkjelyd,
og tak den gåva han deg bydl!
Kom her og tak av Jesu hand
det livsens brød i daudens land.

7 For her ved Herrens nådebord,
her eig me himmerik på jord,
her Jesus ved Guds høgre hand
med oss går inn i syskenband.

8 Guds himmel han til jordi dreg
og gjer frå jordi himmelveg.
Hans kjærleik møtest med di tru,
han er i deg, i honom du.

9 Så kjem eg til ditt altar her,
endå eg sjølv uverdig er.
Å Jesus, gjer meg verdig du,
så hit eg kjem med hjartans tru!

10 Her kjem eg som ein syndar arm,
med syndesorg i såra barm,
med trong og tru i hjarterot
hjá deg eg søkjer sælebot.

11 Så signe du min altargang!
Lat meg få kvila i ditt fang,
til eg får fylgja deg frå jord
til nattverd ny i himmelkor.

Langfredag

Langfredagen er prega av angst, uro og svik. Jesus tok med seg nokon av sine næraste for å be i Getsemane. Denne stunda i Getsemane er motivet

på *predellaen*, fotstykket til altartavla i Vangskyrkja.

Her ser me Jesus bed, i angst og uro, medan læresveinane søv og Judas er på veg for å svike han.

Det er ei vond og tung forteljing.

Ta gjerne fleire pausar i lesinga.

Langfredag minner oss om at Gud også har kjend angst, uro, sorg og einsemd på sin kropp. Slik er vårt liv ikkje langt frå Gud – for han har kjend det same me kan bere på, av godt og vondt.

Teksten frå evangeliet etter Lukas 22,39-23,46:

Så gjekk han ut og tok vegen til Oljeberget som han hadde for vane, og læresveinane følgde han. Då han kom dit, sa han til dei: «Be at de ikkje må koma i freisting!» Han sleit seg frå dei så langt som eit steinkast, fall på kne og bad: «Far, om du vil, så ta dette begeret frå meg! Men lat det bli som du vil, ikkje som eg vil!» Ein engel frå himmelen synte seg då for han og styrkte han. Og han kom i dødsangst og bad endå meir inderleg, så sveitten hans fall som bloddropar ned på jorda.



Predellaen i Vangskyrkja

Då han reiste seg etter bøna og kom tilbake til læresveinane, fann han dei sovande, overvelda av sorg. «Korleis kan de sova?» spurde han. «Reis dykk og be at de ikkje må koma i freisting!» Før han hadde tala ut, kom det ein stor flokk, og han som heitte Judas, ein av dei tolv, gjekk føre. Han gjekk bort til Jesus for å kyssa han. Då sa Jesus: «Judas, svik du

Menneskesonen med eit kyss?» Dei som var med Jesus, skjøna korleis det kom til å gå, og spurde: «Herre, skal vi gripa til sverd?» Og ein av dei hogg etter tenaren til øvstepresten og sneidde av han høgre øyret. Men Jesus sa: «Lat det vera med det!» Og han rørte ved øyret til tenaren og lækte han. Så sa han til overprestane og leiarane for tempelvakta og dei eldste, dei som var komne og ville gripa han: «De kjem med sverd og stokkar som om eg var ein røvar. Dag etter dag var eg saman med dykk på tempelplassen; då la de ikkje hand på meg. Men dette er dykkar time, no er det mørkret som har makta.»

Dei tok han og førte han til huset åt øvstepresten. Peter følgde etter, eit langt stykke bak. Midt inne på gardsplassen var det gjort opp ein eld som dei samla seg rundt. Peter slo seg ned blant dei som sat der. Ei tenestejente fekk sjå han sitja der i lyset frå elden. Ho stirte på han og sa: «Denne mannen var òg saman med han.» Men Peter nekta og sa: «Eg kjenner han ikkje, kvinnel» Litt etter la ein annan merke til han og sa: «Du òg er ein av dei.» «Nei, det er eg slett ikkje», svara Peter. Men ein times tid etter var det ein til som slo fast: «Visst var denne mannen òg med han! Han er då galilear.» Men Peter sa: «Eg skjønar ikkje kva du snakkar om, menneskel» I det same, før han hadde tala ut, gol hanen. Då vende Herren seg og såg på Peter, og Peter kom i hug det Herren hadde sagt til han: «Før hanen gjel i natt, skal du forneakta meg tre gonger.» Og han gjekk ut og gret sårt. Mennene som heldt vakt over Jesus, spotta han og slo han. Dei batt for auga hans og sa: «No kan du vera profet! Kven var det som slo deg?» Og dei hante han på mange andre måtar òg.

Då det lysna av dag, kom eldsterådet i folket saman; overprestane og dei skriftlærde var òg med. Jesus vart ført fram for Rådet, og dei sa: «Er du Messias, så sei oss det.» Han svara: «Om eg seier det til dykk, trur de meg ikkje, og om eg spør, svarar de ikkje. Men heretter skal Menneskesonen sitja ved den mektige Guds høgre hand.» Då spurde dei alle: «Så er du altså Guds Son?» Han svara: «De seier sjølve at eg er det.» Då sa dei: «Kva skal vi no med vitneutsegner? Vi har sjølve høyrte det av hans eigen munn.»



Jesus for Pilatus, frå Jordalen kapell

Då reiste dei seg alle og førte han til Pilatus. Der tok dei til å koma med skuldingar mot han. Dei sa: «Vi har funne at denne mannen fører folket vårt på avvegar. Han forbyd oss å gje keisaren skatt, og han seier at han er Messias, altså konge.» Pilatus spurde han: «Er du kongen over jødane?» «Du seier det», svara Jesus. Då sa Pilatus til overprestane og folket: «Eg finn inga skuld hos denne

mannen.» Men dei tok sterkare i: «Han eggjar opp folket i heile Judea med læra si. Han tok til i Galilea, og no er han komen heilt hit.» Då Pilatus hørde det, spurde han om mannen var frå Galilea, og då han fekk vita at han var under domsmakta til Herodes, sende han Jesus over dit, for Herodes òg var i Jerusalem i dei dagane. Herodes vart svært glad då han fekk sjå Jesus, for han hadde høyrte om han og lenge ønskt å få møte han. No vona han å få sjå Jesus gjera eit teikn. Han stilte han mange spørsmål, men Jesus svara ikkje eit ord. Overprestane og dei skriftlærde stod der og kom med sterke skuldingar mot han. Herodes vanæra han og spotta han saman med soldatane sine. Han la ei staseleg kappe om han og sende han tilbake til Pilatus. Den dagen vart Herodes og Pilatus vener; før hadde det vore fiendskap mellom dei. Så kalla Pilatus saman overprestane, rådsherrane og folket og sa til dei: «De har ført denne mannen fram for meg og sagt at han fører folket på avvegar. No har eg spurt han ut medan de hørde på, men eg har ikkje funne han skuldig i noko av det de klagar han for. Det har ikkje Herodes heller, for han har sendt han tilbake til oss. Mannen har såleis ikkje gjort noko som fortener dødsstraff. Difor vil eg la han bli piska og så setja han fri.» Men til høgtida måtte han gje dei ein fange fri. Då ropa dei alle som ein: «Bort med han! Gjev oss Barabbas fri!» – Barabbas var ein mann som sat fengsla for opprør i byen og for mord.

Igjen tala Pilatus til dei, for han ville gjerne gje Jesus fri. Men dei ropa imot han: «Krossfest han! Krossfest!» Då tok han ordet tredje gongen: «Kva vondt har han så gjort? Eg har ikkje funne han skuldig i noko som

kan straffast med døden. Eg vil la han bli piska og så setja han fri.» Men dei pressa han og kravde med høge skrik at Jesus skulle krossfestast, og skriket deira fekk overtaket.

Då felte Pilatus dommen; det skulle bli som dei kravde. Han frigav den dei bad om, han som sat fengsla for opprør og mord. Men han overgav Jesus til dei, og dei fekk viljen sin. Så førte dei han bort. På vegen greip dei fatt i ein mann som kom inn frå markene, Simon frå Kyréne. Og dei la krossen på Simon for at han skulle gå bak Jesus og bera.

Ein stor folkehop følgde med, og mellom dei var det mange kvinner som jamra og gret over han. Men Jesus snudde seg til dei og sa:

«Jerusalems døtrer! Gråt ikkje over meg, men gråt over dykk sjølve og borna dykkar. For det kjem dagar då folk skal seia: 'Lukkelege er dei barnlause, dei morsliv som ikkje har fødd, og dei bryst som ikkje har gjeve die!' Då skal dei seia til fjella: 'Fall over oss!' Og til haugane: 'Løyn oss!' For gjer dei slik med det grøne treet, korleis skal det då gå med det tørre?»



Måleri frå Oppheim kyrkje




Altartavla, Vangskyrkja

To andre forbrytarar vart òg førte bort og skulle avrettast saman med Jesus. Og då dei kom til den staden som

heiter Hovudskallen, krossfeste dei både han og forbrytarane, den eine på høgre sida hans, den andre på venstre. Men Jesus sa: «Far, tilgjev dei, for dei veit ikkje kva dei gjer.» Så kasta dei lodd om kleda hans og delte dei mellom seg. Folket stod og såg på, men rådsherrane spotta han:

«Andre har han frelst», sa dei,
«lat han no frelsa seg sjølv
dersom han er Guds Messias,
den utvalde!» Soldatane òg hån-
te han. Dei gav han vineddik og sa:
«Er du kongen over jødane, så
frels deg sjølv!» For det var sett
ei innskrift over han: «Dette er
kongen over jødane.»

Den eine av forbrytarane som
hang der, spotta han og sa: «Er
ikkje du Messias? Frels deg sjølv
og oss!» Men den andre tala han
til rette og sa: «Har du ikkje
ærefrykt for Gud, endå du er
under same dommen? For oss er
dommen rettferdig, vi får berre
att for det vi har gjort. Men han
har ikkje gjort noko urett.» Og han sa: «Jesus, kom meg i hug når du
kjem til ditt rike!» Jesus svara: «Sanneleg, eg seier deg: I dag skal du vera
med meg i paradis.»



Korpopninga i Vangskyrkja

Det var alt kring den sjette timen. Då fall det mørker over heile landet, og mørkret låg til den niande timen, for sola lyste ikkje lenger. Forhenget i tempelet rivna midt i to, og Jesus ropa med høg røyst: «Far, i dine hender gjev eg mi ånd!» Med desse orda anda han ut.

Spørsmål til ettertanke:

- Kva ville du ha bede om denne natta?
- Korleis er det for deg å vite at Jesus, som vi, har kjend på angst og smerte, einsemd og svik?
- Hadde du gjort det same som Peter denne natta?
- Torer me å vedkjennast at me kjenner Jesus?
- Har du nokon gong kjend deg forlatt av Gud?
- Når er Gud nær ditt liv?

Salme 164, frå Norsk salmebok 2013:

T Brunvoll/M 1100-t

1 Tunge, lat din lovsong prisa
Herrens ærefulle strid,
lat han høgt med jubel hylla
sigersmerket, krossens tre;
lova verdsens atterløysar,
han som sigrar ved å døy!

2 Tretti år er ført til endes,
målet for hans jordeliv,
no går Lammet til si lidning,
gjev seg sjølv med viljug hug;
han som føddest til eit offer,
vert no hengd på krossens tre.

3 Trugne kross som skal ha æra
mellom alle tre på jord,
inkje anna tre kan bera
blome, blad og frukt som du;
kjærast tre og kjærast nagle,
kjærast bør er hengd på deg!

4 Ingen annan kunne bera
løysepengen for vår skuld;
berre du fekk lov å vera
hamn for den forliste verd,
salva med det blod som
strøymer,
sæle flod frå Lammets sår!
Amen.

Påskenenatt

Dei hadde lagt Jesus i grava, og kanskje var læresveinane redde og urolege. Sorga var stor, venen og håpet var borte for dei, og verda kjendest kanskje mørk og skummel.

Denne dagen er også kalla Ottesong, og det er vanleg å feire gudsteneste på kvelden, etter solnedgang, gjerne ved midnatt.

I den tidlege kyrkja var denne natta tida for dåp. Dåpskandidaten kom ut av dåpsvatnet «levande» og stod opp saman med Kristus påskedag. Påskenenatt knyt slik dåp og påske saman, død og oppstode i vatn og Ande.



Altertava i Raundalen

Teksten frå evangeliet etter Markus 16,1-8:

Då sabbaten var til ende, kjøpte Maria Magdalena og Maria, mor til Jakob, og Salome angande olje, for dei ville gå og salva han. Tidleg om morgonen første dagen i veka kom dei til grava med det same sola rann. Dei sa seg imellom: «Kven skal vi få til å rulla steinen frå gravopninga?» Men då dei såg opp, fekk dei sjå at steinen var rulla til sides. Han var svært stor. Då dei kom inn i grava, såg dei ein ung mann som sat på høgre sida, kledd i ein lang, kvit kjortel. Dei vart gripne av otte og undring, men han sa til dei: «Ver ikkje redde! De leitar etter Jesus frå Nasaret, den krossfeste. Han er stått opp, han er ikkje her. Sjå her er staden der dei la han! Men gå av stad og sei til læresveinane hans og til Peter: ‘Han går føre dykk til Galilea. Der skal de få sjå han, slik han har sagt dykk.’» Då gjekk dei ut att og rømde frå grava, skjelvande og frå seg av redsle. Og dei sa ikkje eit ord til nokon, for dei var redde.

Spørsmål til ettertanke:

- Korleis trur du det var for læresveinane å gå inn i denne natta?
- Kva betyr dåpen for deg?
- Når kan du vere lys i andre si mørke natt?

Salme 209, frå Norsk salmebok 2013:

T Ellingsen / M Baden

1 Døden må vike for Gudsrikets krefter!
Du som var død, er vår Herre i dag!
Kristus, du lever og står ved vår side
her hvor vi rammes av jordlivets slag.

2 Selv om vi føler oss svake i verden,
bærer vi i oss et grunnfestet håp:
Livets oppstandelse påskedagsmorgen,
underet, skjedde på ny i vår dåp.

3 Livet og døden, ja, alt er forvandlet!
Dåps-vannet gjenspeiler regnbuens pakt.
Troen er gitt oss: Guds rike skal seire!
Mørket som binder oss, mister sin makt.

4 Løftet står fast når vår fremtid er truet:
Ingen skal rive oss ut av Guds hånd!
Engang skal Gud få sin skapning tilbake.
Verden blir frigjort fra fiendens bånd.

5 Døden må vike for Gudsrikets krefter!
Livet er gjemt i et jord-dekket frø.
Se, i oppstandelsens tegn skal vi leve.
Se, i oppstandelsens lys skal vi dø.

Påskedag

Påskedag er ein festdag. I alle evangelia er det kvinner som kjem først til grava, og dei møter bodberarar i forskjellig form. Først ute av grava møter dei Jesus. Han er ikkje lenger i grava, han er oppstaden!

Sundag er, i den jødiske tidsrekninga, den første dagen i veka. For oss kristne er det oppstodedagen. Sundag er slutten og byrjinga på veka, men mest av alt – og kvar sundag – er det oppstodedagen vi feirar.

Teksten frå evangeliet etter Matteus 28,1-10

Då sabbaten var til ende og det tok til å lysna første dagen i veka, kom Maria Magdalena og den andre Maria for å sjå til grava. Då kom det brått eit kraftig jordskjelv, for ein Herrens engel steig ned frå himmelen, gjekk fram til grava, rulla steinen ifrå og sette seg på han. Han var som eit lyn å sjå til, og kleda hans var kvite som snø. Vaktmennene skalv av redsle for han og vart liggjande som døde. Men engelen tala til kvinnene og sa: «Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste. Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa. Kom og sjå staden der han låg! Skund dykk av stad og sei til læresveinane hans: ‘Han er stått opp frå dei døde, og no går han føre dykk til Galilea; der skal de få sjå han.’ – No har eg sagt det til dykk.»

Då skunda dei seg bort frå grava, redde, men jublande glade; og dei sprang av stad for å fortelja det til læresveinane. Og sjå, Jesus kom imot dei og sa: «Ver helsa!» Då gjekk dei fram, tok om føtene hans og tilbad han. Og Jesus sa til dei: «Ver ikkje redde! Gå og sei til brørne mine at dei skal fara til Galilea. Der skal dei få sjå meg.»



Altartavla i Oppheim

Spørsmål til ettertanke:

- Korleis kan ein vere redd og jublande glad samtidig?
- Kva tenkjer du om Jesu oppstode?
- Kva tenkjer du om oppstoda?
- Jesus gjekk føre dei til Galilea, korleis kan me følge Jesus?

Salme 196, frå Norsk salmebok 2013:

T Grundtvig/ M Lindeman

1 Påskemorgen
slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid;
den har oss givet
lyset og livet,
lyset og livet i dagning blid.
Påskemorgen
slukker sorgen,
slukker sorgen til evig tid.

2 Redningsmannen
er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!
Helvede greder,
himlen seg gleder,
himlen seg gleder med lovsang ny.
Redningsmannen
er oppstanden,
er oppstanden i morgengry!

3 Sangen toner,
vår forsoner,
vår forsoner til evig pris;
han ville bløde
for oss å møte,
for oss å møte i paradís.
Sangen toner,
vår forsoner,
vår forsoner til evig pris.

4 Bøtt er brøden,
død er døden,
død er døden som syndens sold!
Nå ligger graven
midt i gudshaven,
midt i gudshaven i Jesu vold.
Bøtt er brøden,
død er døden,
død er døden som syndens sold.

5 Mørket greder,
englekleder,
englekleder de er som lyn.
Om enn bedrøvet
smiler dog støvet,
smiler dog støvet ved englesyn.
Mørket greder,
englekleder,
englekleder de er som lyn.

6 Se, i skarer
opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.
Tungene gløder,
Herren vi møter,
Herren vi møter med lovsang ny.
Se, i skarer
opp vi farer,
opp vi farer fra grav i sky.

Salme 194, frå Norsk salmebok 2013:

T Støylen / M Able og Briegel

1 Jesus lever, gravi brast!
Han stod opp med guddoms velde.
Trøysti står som fjellet fast,
Kristi strid og blod skal gjelde.
Lynet blinkar, jordi bever,
gravi brast, og Jesus lever!

2 Eg har vunne, Jesus vann!
Mørkheims makt for honom rømde;
Krist or gravi utgang fann
og for evig døden dømde.
Open har eg himlen funne,
Jesus vann, og eg har vunne!



Den gamle altartavla i Bolstadøyri bedehus

2. påskedag

Å gå med fred.

I fleirtalet av kyrkjene våre blir ikkje denne dagen markert. Det er skikk for at ein har påskedagsgudsteneste på 2. påskedag, dersom det ikkje har vore gudsteneste påskedag. Dette er rett og rimeleg, håpet om oppstoda og livsens glede må bli forkynt.

Men 2. påskedag har eit anna tema, i år Jesu fred.

Me følgjer forteljinga vidare hos Lukas, og møter Jesu disiplar.

Medan dei er samla står Jesus mellom dei som den oppstadne, og bed om noko å ete. Slik syner han dei at han er meir enn ei ånd;
Han er den oppstadne og levande.

Teksten frå evangeliet etter Lukas 24,36-45:

Medan dei elleve og venene deira snakka saman, stod Jesus sjølv midt imellom dei og sa: «Fred vere med dykk!» Dei vart forfærde og redde, for dei trudde det var ei ånd dei såg. Men han sa til dei: «Kvifor er de så urolege, og kvifor vaknar tvilen i hjarta dykkar? Sjå hendene og føtene mine. Det er eg. Ta på meg og sjå! Ei ånd har ikkje kjøt og bein, som de ser at eg har.» Så viste han dei hendene og føtene sine. Då dei av rein glede enno ikkje kunne tru, men berre undra seg, sa han: «Har de noko å eta her?» Dei gav han eit stykke steikt fisk, og han tok det og åt medan dei såg på. Så sa han til dei: «Dette var det eg tala til dykk om medan eg endå var saman med dykk, at det måtte oppfyllast, alt det som står skrive om meg i Moselova, hos profetane og i Salmane.» Så opna han forstanden deira så dei kunne skjøna skriftene.

Spørsmål til ettertanke:

- Jesus opna læresveinane sin forstand, kva har forstanden å seie for trua di?
- Har du møtt Jesus i ditt liv?
- Hadde du blitt redd om Jesus stod levande for deg?
- Kan me møte Jesus i vårt liv, i møte med andre menneske?

Salme 203, frå Norsk salmebok 2013:

T Hillestad/M Thyrestam

1 De trodde at Jesus var borte.
De trodde at Jesus var død.
Da kom han på stranden en morgen
som lyste rød.

2 Han stod midt iblant dem som alltid.
Et bål lyste opp med sin glød.
Han lot dem få fisker i garnet
og gav dem brød.

3 Tro ikke at Jesus er borte!
Tro ikke at Jesus er død!
Han lever og gir oss å spise
av livets brød.

Salme 207, frå Norsk salmebok 2013:

T Skeie/M Davidica

1 Livet vant, dets navn er Jesus.
Halleluja.
Han var død, men se han lever.
Halleluja.
Dødens porter åpner han,
halleluja,
viser vei til livets land.
Halleluja.

2 Hva er murer, hva er graver?
Halleluja.
Han er med oss alle dager.
Halleluja.
Én er Herren, én vår tro.
Halleluja.
Ett er brødet på hans bord.
Halleluja.

3 Brødet brytes, vinen deles,
halleluja,
for at vi ved tro skal leve.
Halleluja.
Av vår hyrde, sterk og god,
halleluja,
får vi liv og overflod.
Halleluja.

4 Jesus døde for oss alle.
Halleluja.
Vi skal leve for hverandre.
Halleluja.
Jesus oppstod. Så skal vi,
halleluja,
oppstå til et evig liv.
Halleluja.

Om påskefeiring

Ting som har med påska å gjere, du kanskje ikkje har tenkt på kvifor har med påska å gjere. Dette er berre ein kort versjon av korleis desse forskjellige tinga er knytt til påska, og er difor ikkje utfyllande.

Ordet «påske»

Ordet «påske» kjem frå det hebraiske *Pesach*. Dette er namnet på ein jødisk fest. Denne har sin bakgrunn i utvandringa frå Egypt. *Pesach* betyr bokstaveleg «gå forbi». Det norske kjem av det norrøne ordet páskar.

Påskeegg

Påskeegg har lang tilknytning til påska. Anten som egg ein et, eller som er måla. Påskeegget er eit symbol på nytt liv og på det fruktbare. Det har vore knytt til Maria, Jesu mor, og har ofte vore brukt på bileter av ho, som symbol på jomfrufødsel.

Den meir praktiske forklaringa på korleis påskeegg er knytt til påska er at påska er på våren då hønene byrjar å legge fleire egg. Slik er dei eit symbol på det nye livet som påskefeiringa handlar om.

Påskeylling

Som med påskeegg er dette eit symbol på nytt liv, og er eit påskesymbol av same grunn som påskeegg er.

Påskelilje

Er ein blome som blømer i april-mai, altså rundt påsketider. Derav namnet. Brukast ofte på altaret påskedag, som eit teikn på oppstoda. Naturen i seg sjølv er også eit symbol på oppstoda då den kjem ut av vinterens dvale, står opp og blomar ved påsketider.

Påskekrim

Er eit særnorsk fenomen. Tradisjonen føres ofte attende til spenningsromanen *Bergenstoget plyndret inat*, skrive av Jonathan Jerv (eit pseudonym for Nordahl Grieg og Nils Lie) utgitt i 1923. Handlinga er

lagt til første påskedag, som også i boka er 1.april, og går føre seg på påskefjellet ved Haugastøl. Altså ikkje langt frå oss.

Påskeharen

Den moderne skikken med påskehare som legg ut egg kjem frå Tyskland. Men tok først av etter 1850.

Haren er også eit symbol på det fruktbare morslivet. Og når den fødde mange ungar på våren, saman med at fuglane la egg, vart det symbol på liv som tek til att om våren – oppstandelse.

Påskelam

Kjem frå den jødiske påskefeiringa. Dette var dyret jødane i Egypt skulle slakte og ete rett før flukta, og blodet skulle dei smøre på dørkarmane så dødsengelen gjekk forbi. Dette vart ein viktig del av Pesach-feiringa, som handlar om utfarten frå Egypt. I kristen tru er det Jesus som er dette offerlammet. Jamfør nattverda der vi syng det som heiter *Agnus Dei* på Latin, og på norsk «Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.»

Kvifor vaska dei føtene?

Dei sat nok ikkje rundt bord og åt måltidene sine slik me gjer. Men dei låg kanskje langt låge bord, anten på puter eller benkar. Difor var føtene nære både maten og dei andre. Det vanlege fottøyet for mange var nok sandalar, og mange hadde kanskje ikkje fottøy, og vegane var anten steinlagt eller av grus, så det var mykje støv. Difor var ofte føtene skitne. Dei vaska nok også hendene våre, som me gjer, men det var også veldig viktig å vaske føtene.

Aktivitetar til påska

Her er lenkjer og forslag til aktivitetar for heile familien, små og store i påska.

Heimepåske for born

Bruk Qr-koden eller linken under til å finne aktivitetar og innhald for påskal!



<https://bit.ly/37LsPdo>

Barnehageborn

Dette er ei påskesamling for dei yngste, der me får ta del i det som skjedde i påska.

<https://www.youtube.com/channel/UCO5pBIveA30lTHDG4j7-kYw>

Skuleborn

Det finst fleire forteljingar om tårnagentar. Her er høyrrespelet om “Jakten på den stille stemmen”

<https://www.youtube.com/watch?v=ZlEhVtVjvWY&fbclid=IwAR3Nd-WqPeR7Sl6CTNq57k7mMvkXyOZ8ysqhRYtzIqLv81kEbkl6uxpI8c>

Vaksne

Den norske kyrkja har eit omfattande program i påska på nett. Sjå også Bjørgvin bispedøme sine heimesider for kva som skjer i påska.

Det kjem også forskjellige typar gudstenester på Avis Hordaland sine nettsider.